

# Handlingsplan for arbeid mot mobbing i barnehagen

---



## LIVETS LÆRE

Barn som er vant til spydigheter,  
lærer å bli usikre.

Barn som er vant til kritikk,  
lærer å fordømme.

Barn som er vant til mistillit,  
lærer å fare med fusk.

Barn som er vant til motvilje,  
lærer seg å hate.

Barn som er vant til hengivenhet,  
lærer seg å bli glad i andre.

Barn som er vant til oppmuntring,  
lærer å vise tillit.

Barn som er vant til oppriktighet,  
lærer å skjelne sannhet fra løgn.

Barn som er vant til ros,  
lærer å påskjønne andre.

Barn som er vant til hjelpsomhet,  
lærer å vise omtanke.

Barn som er vant til lesning,  
lærer seg å tenke.

Barn som er vant til tålmodighet,  
lærer å vise forståelse.

Barn som er vant til lykke,  
vil finne kjærlighet og skjønnhet.

Ronald Russel

## **Innhald**

Innleiing	s. 4
1. Kva er mobbing?	s. 5
2. Førebyggjande arbeid	s. 5
3. Korleis avdekka mobbing?	s. 7
4. Prosedyrar når mobbing oppstår	s. 7
5. Tiltaksplan	s. 8
6. Skjema	s. 9
7. Sjekkliste – barnehagen sitt miljø	s. 10
8. Litteraturliste	s. 11

## Innleiing

Hå kommune har underteikna Regjeringas ”*Manifest mot mobbing*”, noko som inneber eit forpliktande samarbeid for eit godt og inkluderande oppvekst- og læringsmiljø med nulltoleranse for mobbing.

Barnehagelova seier:

... «*Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens eigenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i leik og læring, og være et utfordrande og trygt sted for fellesskap og vennskap.*

(Barnehageloven § 1).

Rammeplanen utdyp personalet sitt ansvar for barn sitt omsorg- og læringsmiljø og for å fremja positive handlingar som motverkar avvising, mobbing og vald.

Vigre barnehage har gjennom heile vinteren arbeida med *Handlingsplan for arbeid mot mobbing i barnehagen*. Det har vore oppe som tema både på leiarmøta og på felles personalmøter i barnehagen.

Foreldrearbeidsutvalet (FAU) har kome med sine kommentarar og innspel til handlingsplanen.

Samarbeidsutvalet (SU) hadde den oppe til handsaming og godkjenning på deira møte den 15.06.2015

Handlingsplan for arbeid mot mobbing i barnehagen tek for seg følgende tema:

1. Kva er mobbing?
2. Førbyggjande arbeid og målsetjingar.
3. Korleis avdekka mobbing?
4. Prosedyrar når mobbing oppstår.
5. Tiltaksplan
6. Skjema; referat frå møte.
7. Sjekkliste barnehagen sitt miljø.
8. Litteraturforslag

I Vigre barnehage skal alle barn og vaksne oppleve eit godt og inkluderande leike- og utviklingsmiljø med nulltoleranse for mobbing.

Tilsette og foreldre/føresette, har plikt til å gjera det me kan ilag for at mobbing ikkje skal forekome.

Planen skal årleg evaluerast i personalgruppa og i FAU styret. Felles gjennomgang av planen på foreldremøte kvar haust.

Vigre 15.06.2015

---

Styrrar barnehage

---

Leiar FAU

## **1. Kva er mobbing?**

Mobbing er eit omgrep som vert nytta ulikt i ulike samanhengar. I *Manifestet mot mobbing* vert mobbing definert slik:

*... "Med mobbing mener vi gjentatt negativ eller "ondsinn" atferd fra en eller flere rettet mot noen som har vanskelig for å forsvare seg. Systematisk utestengning eller gjentatt erting på en ubehagelig måte er også mobbing"*  
(Manifest mot mobbing 2011 – 2014).

Tilfeldig erting og konflikhtar, enkelttilfelle av slåssing og utestenging er ikkje mobbing. Dette er noko som kan henda i barns leik, og som oftast kan ordnast opp i, etter kvart og utan problem for nokon av partane. Mobbing i barnehage handlar om at barn vert plaga og krenka systematisk.

Eksempel: Når eit barn seiar eller gjer noko og ser at den andre blir lei seg og dermed stoppar med det han / hun seiar eller gjer, er det ikkje mobbing. Det er derimot mobbing om barnet utnyttar gråten eller sårbarheita og fortsett sin adferd. Det eit barn kan reagere kraftig på, kan prelle av på eit anna.

## **2. Førebyggjande arbeid**

I Vigre barnehage skal alle barn og vaksne oppleva eit godt og inkluderande leike- og utviklingsmiljø med nulltoleranse for mobbing.

Tilsette og foreldre/føresette, har plikt til å gjera det me kan ilag for at mobbing ikkje skal forekome. Og har satt følgende mål for arbeidet:

### Mål for tilsette:

- Barnehagen er eit felles lag. (ulike avdelingar = eit lag).
- Vera ein god rollemodell.
- Ha kunnskap om temaet og vite kva mobbing er.
- Visa gjensidig respekt for kvarandre.
- Vera tilgjengeleg og «til stades» for barna.
- Vera profesjonelle i møte med foreldra/føresette.

### Mål for barna:

- Barna opplever og føler anerkjenning og tryggleik.
- Barna har nokon å leike med og opplever vennskap.
- Barna lærer om vennskap og korleis me kan vera ein god ven.
- Bevisstgjerjing kring barnas ulike språk- og kulturbakgrunn.

### Mål for foreldre:

- Samarbeidet mellom foreldre/føresette og barnehagen er prega av respekt, tillit og samarbeidsvilje.

- Vera ein aktiv medspelar og vera lojal overfor felles planar og tiltak i barnehagen.
- Vera gode rollemodellar.

### Konkretisering av mål - tiltak i barnehagen:

- Vera eit lag
  - Fordeling av arbeidsoppgåver i tiltaksplanen.
  - Tydelig og forståeleg kommunikasjon.
  - Arbeide mot same mål.
- Empati
  - Arbeide med Steg for Steg.
  - Snakke om følelsar og lære borna å setje ord på dei ulike følelsane.
  - Vera anerkjennande i møte med borna, og prøve å forstå deira følelsar og tankar.
  - Ha eit positivt fokusord eller begrep som avdelinga set i fokus kvar månad.
- Tett oppfølging på tema:
  - Årlig gjennomgang av planen på personalmøte og på foreldemøte.
  - Kompetanseheving i personalgruppa, delta på aktuelle kurs.
- Godt forbilde
  - Vera tydeleg og ha klare forståelige grenser.
  - Gjere sjølv det du seier/visar til barna.
  - God kommunikasjon mellom dei vaksne.
  - Vera høfleg, sei takk for maten, kan du senda osv...
  - Rettleia og gi ekstra støtte til dei som treng det.
- Trygg base
  - Dei vaksne leikar og er aktivt deltakande.
  - Tar barna på alvor og er lydhør når barna ønsker å fortelje noko.
  - Dei vaksne har medvit om at dei er ansvarlege for relasjonane.
  - Lik praksis på huset.
  - Faste rutinar i avdelinga, sørge for at dagen blir mest mogleg forutsigbar for alle barn.

### Organisering

Ved å organisera barna i små grupper deler av dagen, får personalet ein tettare relasjon til barna. Gruppene kan vera ute/inne/på småturar og ha ulikt innhald. Barna får også eit meir tilpassa tilbod, med utgangspunkt i eigne behov. Arbeid med barn i små grupper gjer at personalet lettare fangar opp signal frå barna, og slik støtta og Rettleia deira språklege og sosiale utvikling.

### **3. Korleis avdekka mobbing?**

- Barnesamtalar – ein til ein eller i gruppe.
- Foreldresamtalar.
- Tilbakemeldingar frå andre barn.
- Personale som er til stades, som leikar og som snakkar med barna om korleis dei har det.
- Observasjon og kartlegging av barn/barnegruppa og miljøet i barnehagen.

### **4. Prosedyrar når mobbing oppstår**

Tiltaka må vera retta mot både individ, grupper og heile miljøet i barnehagen. Mobbing må verta handtert med klokskap. Dei vaksne må ha medvit om at barn som vert mobba, ikkje skal ha ansvar for det. Likeeins må personalet skilja mellom person og handling. Det er barnet si handling som er uakseptabel.

#### **Barna:**

- Oppfølgingssamtale med dei involverte barna.
- Vurdera å informere heile barnegruppa.
- Vurdera å oppretta fadderordning.
- Vurdera å søkja rettleiing (Sosialpedagogisk team/PPT/andre).
- Informera personalet, og gje dei melding om å observera samspelet mellom barna det gjeld.
- Personalet utarbeider felles strategi for å stogga mobbinga med ein gong.

#### **Foreldre/føresette:**

- Pedagogisk leiar informerer føresette når mobbing er konstatert, dette gjeld både til dei/den som mobbar og til den/dei som vert mobba.
- Pedagogisk leiar har samtale med dei involverte anten kvar for seg eller saman. Vurder i kvart enkelt tilfelle. NB: Vurder om styrar skal vere med.
- Vert einige om kva tiltak som skal setjast inn for å stogga mobbinga. Kva kan føresette bidra med?

#### **Barnehagen sitt miljø:**

- Barnehagen/barnegruppa sitt miljø vert jamleg kartlagt ved hjelp av til dømes observasjonsspørsmål.
- Pedagogisk leiar utarbeider og syter for gjennomføring av tiltak.
- Pedagogisk leiar informerer styrar og som støttar opp om det arbeid og dei tiltak som vert bestemt.

## **5. Tiltaksplan:**

Merk: Ferdig utfylt tiltaksplan skal leggjast i barnet si mappe.

Tiltak	Ansvar	Gjennomført Dato og signatur
<p>1. Personalet skal gripa inn med ein gong ho/han oppdagar mobbing i barnehagen. Styrar og pedagogisk leiar skal verta informert.</p> <p>Personalet på barnegruppa skal informerast i møte: Konkret skildring av kva som skjedde, kven og korleis. Kva har dei vaksne gjort?</p> <p>Utarbeid tiltak.</p>	<p>Den som observerer mobbing</p> <p>Personalet i aktuell avdeling / alle</p> <p>Pedagogisk leiar.</p>	
<p>2. Snakk med barna om det som har skjedd. La dei få koma med framlegg til kva dei kan gjera vidare.</p> <p>Lag ein "tiltaksplan" med barna og personalet sine framlegg til løysing.</p>	<p>Tilsette som står barna nærast / primærkontakt / pedagogisk leiar.</p>	
<p>3. Føresette til dei det gjeld vert informert og tekne med på råd.</p>	<p>Pedagogisk leiar</p>	
<p>4. Evaluer saman med barna korleis det går etter 1 – 2 veker.</p> <p>Ny samtale med barna ved behov.</p>	<p>Tilsette som står barna nærast</p>	
<p>5. Evaluer med personalet etter 1 – 2 veker. Vurder vidare tiltak.</p>	<p>Pedagogisk leiar og personalet på avdelinga.</p>	
<p>6. Ny informasjon/samtale med føresette ved behov.</p>	<p>Pedagogisk leiar.</p>	
<p>7. Evaluer kontinuerleg til saka er løyst.</p>	<p>Pedagogisk leiar saman med aktuelt personale.</p>	



## **6. Skjema**

### REFERAT FRÅ MØTE VEDRØRANDE MOBBING I BARNEHAGEN

Merk: Skjemaet skal liggja i barnet si mappe. Kopi til føresette.

Møtedato: \_\_\_\_\_

Til stade på møtet: \_\_\_\_\_

Kva saka gjeld:	Tiltak:	Ansvar:

Dato oppfølgingsmøte: \_\_\_\_\_

Vigre den: \_\_\_\_\_

Underskrift foreldre/føresette:

\_\_\_\_\_

Underskrift pedagogisk leiar: \_\_\_\_\_

## **7. Sjekkliste - barnehagen sitt miljø**

Spørsmål	Ja – alltid	Ja – ofte	Nei – sjeldan	Nei - aldri
Er me i vår barnehage anerkjennande og støttande i høve til barna sine initiativ?				
Vert alle barn lagt merke til i like stor grad, uavhengig av om dei er introverte eller ekstroverte?				
Får enkelte barn jamleg meir positiv merksemd av oss enn andre?				
Får nokre barn oftare negativ merksemd av oss enn andre barn?				
Kan ein sjå eit «mønster» i at me har lettare for å tru på nokre barn si forklaring av konflikhtar enn andre?				
Er det barn me oftare tek kontakt med, eller set i gang aktivitetar saman med enn andre?				
Vert alle barna involvert i fellesskapet, t.d. i samtalen ved måltid, i samlingar og gruppeaktivitetar?				
Er det barn i gruppa me tek lite kontakt med, og sjeldan tek initiativ til aktivitetar saman med?				
Vert enkelte barn raskare avbrotne eller avvist av oss enn andre når dei tek kontakt med oss?				
Har me større tolmod med enkelte barn i gruppa, når det gjeld å følgja dei opp, og hjelpa dei?				
Er alle medvetne om at barn ikkje alltid greier å skilja spøk og ironi?				
Er miljøet i barnehagen prega av omsorg, anerkjening, varme og respekt? Er samspelet mellom barna prega av likeverd og veksling mellom kven som bestemmer og kven som får vera med?				
Er det ein trygg og avslapp tone i barnehagen, som er prega av humor, spontanitet, oppmuntring og glede?				

## 8. Litteraturliste

### For dei vaksne:

- Kari Lamer : Sosial kompetanse. Teoribok, handbok.
- Myrna B. Shure: JEEP (Eg er ein problemløsar)
- Berit Bae: Det interessante i det alminnelige
- Reidar Pettersen: Mobbing i barnehagen
- Jesper Juul: Det kompetente barn
- Jesper Juul: Fra lydighet Til ansvarlighet
- Jesper Juul: Diverse videoar
- Utdanningsdirektoratet: Barn sin trivsel – Vaksne sitt ansvar
- Kari Pape: Fra ord til handling – Fra handling til ord

### For barna:

- Tor Åge Bringsværd: Karsten liker å danse
- Tor Åge Bringsværd: Ruffen – sjøormen som ikke kunne svømme
- Tone Lie Bøttinger: Min storebror apen
- Paul Leer Salvesen: Fy Fabian
- Ann De Bode: Det er alltid meg de skal ta
- Lena Klefeldt: Otto og Joppa
- Mats Wänblad: Lilleving
- Ulf Nilsson: Den lille gutten og løven
- Per Christian Jersild: Hymir
- Kari Saanum: Herr Alkabars nese
- Gunn-Britt Sundstrøm: Gutten i supermandrakten
- Else Færden: Den stygge drageungen
- Birgitta Stenberg: Billy og sinte Lotta
- Birgitta Stenberg: Bjørn drar på landet
- Gunder Andersson: Martins sommer
- Trond Brønne: Petter og månen
- Eva Eriksson: Stures nya jacka
- Gunilla Bergström: Albert og udyret
- Gunilla Bergström: Hvem kan redde Albert Åberg?
- Ursula Kirchberg: Selim og Susanne
- Egon Mathiesen: Katten med de blå øynene
- Mette Cecilie Newth: Lille Skrekk

